

Møte mellom fine skøyter

14.07.2009



Kjell Halvorsen tek morgenkaffen ved den stolte skøyta si. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalens eigen Kvituren fekk fint selskap mandag, for då la ei anna Colin Archer-skøyte til på den andre sida av den nye bølgjebrytaren.

Det er ikkje dagleg kost å ha to slike eksklusive gjester i hamna på ein gong og det bør markerast.



To Colin Archer-skøyter saman i båthamna er sjeldan kost. Kvituren til høgre og Ta'aroa til venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Eigentleg er det ikkje rett å kalla alle desse skøyturene for Colin Archer-skøyter. Det rette namnet er seilskøyter. Colin Archer-skøyter er strengt tatt berre dei som den berømte skipskonstruktøren og båtbyggjaren sjølv bygde og det var over 200, seier Kjell Halvorsen, som er busett i Knarvik på Sotra.

Han er eigar av skøyta som kom til Uskedalen i går med han sjølv og sambuar Marit Tveranger ombord.

Kjell er forresten ikkje berre eigar, han har også bygd skøyta sjølv og det tok seks år sjølv om han er profesjonell bytbyggjar. Det har gått mest i restaurering av eldre båtar.

Den 44 fot lange skøyta (Kvituren er til samanlikning 45 fot) ber namnet Ta'aroa, som er ein polynesisk sjøgud.

Om bakgrunnen for namnet seier Kjell at det gøymer ein draum som aldri vart aktuell. Skøyta, som var ferdig i 1990, har så langt berre vore nokre turar til Shetland.

Så litt historikk: Colin Archer (1832/1921) frå Larvik etablerte seg i heimbyen i 1862 som konstruktør og båtbyggjar. Han vart etter kvart landskjent for sine forbетra typer av losbåtar, redningsskøyter, fiskefartøy og lystfartøy. Han var med og stifta Redningsselskapet og bygde 14 redningsskøyter.

Skøyturene hans vart legendariske på grunn av sine sjøeigenskapar og dei har hatt stor betydning langs vår kyst opp gjennom tidene. Colin Archer er det best kjente norske båtnamnet i heile verda.

Mest kjent vart Colin Archer som konstruktør og byggjar av polarskuta Fram og namnet hans vart difor knytta til Nansens nordpolsekspedisjon 1893/1896 og til Sverdrups og Amundsens polferder.

Mange er med og bringer Colin Archer-tradisjonen vidare. I Oslofjordområdet har seilskøyteklubben Colin Archer 180 medlemmer og 90 skøyter. Det er viktig for klubben å passe på at restaurering og nybyggjing skjer etter tradisjonelle metodar og eit aktivt miljø er viktig for å halda vedlike den kunnskap som ligg i den praktiske handtering av båtane. Kjell Halvorsen fortel at det er ein tilsvarande klubb i Bergen med 100 medlemmer og 30 skøyter.

Entusiastane er no om dagen noko forundra over at Colin Archer-skøyturene så langt har fått så få røyster under kåringa av Norges Nasjonalbåt - faktisk berre 80 av 8.000. Kjell Halvorsen forklarer dette med at dei fleste som deltek i røystinga har småbåtar og eit tilhøve til småbåtar.

- Vi er berre ein liten klick i samanlikning, seier han.

Av Ola Matti Mathisen



Ta'aroa i Uskedalen! (Foto: Ola Matti Mathisen)